

Til deg som har tatt koronatest

Når du testar deg for koronavirus blir prøva sendt til eit laboratorium for analyse. Kontakt lege om du blir sjuk eller treng medisinsk hjelp medan du ventar på svar.

Kva skal du gjere medan du ventar på prøvesvar

- **Om du har testa deg fordi du har fått vanlege symptom på koronavirus** (feber, hoste, sår hals, blitt tungpusta eller mista smaks- eller luktesans), bør du halde deg heime til du har fått svar på testen. Du bør ikkje gå på jobb eller skole, du bør ikkje ta offentleg transport eller oppsøkje offentlege stadar, og du bør halde ekstra god avstand til alle andre enn dei du bur med. Dei du bur med treng ikkje å halde seg heime, heller ikkje om dei jobbar i helsetenesta.
- **Om du har testa deg fordi du har fått melding frå Smittestopp-appen til FHI** om at du har vore i nærleiken av ein person som er smitta med covid-19, bør du halde deg heime til du har fått prøvesvar.
- **Om du er i pålagt karantene og har testa deg utan at du har symptom på koronavirus**, skal du framleis fullføre karantenen som pålagt.
- **Om du er i pålagt karantene og har testa deg fordi du har fått vanlege symptom på koronavirus** (feber, hoste, blitt tungpusta eller mista smaks- eller luktesans) skal du følgje reglane for isolasjon. Reglane for isolasjon er strengare enn karantene. Dei du bur saman med skal vere i karantene fram til du har fått svar på prøven.
- **Om du har tatt testen utan at du har symptom på korona og utan at du har vore utsett for smitte**, treng du ikkje å halde deg heime til du har fått prøvesvar. Det kan til dømes vere om du tar testen fordi du er med i eit forskingsprosjekt, skal besøkje ein institusjon, eller treng å ta test for å kunne reise.

Slik får du svar på koronatesten

Etter ca. 1-2 dagar kan du finne svaret på din eigen koronatest på Helsenorge.no (www.helsenorge.no/provesvar). Nokre gongar tar det litt lengre tid.

Alle med norsk personnummer eller D-nummer, og som har registrert mobilnummer eller e-postadresse under «Kontaktinformasjon» på helsenorge.no, får melding via SMS eller e-post når svaret er klart.

Om du har koronavirus står det at resultatet er positivt/påvist. Om du ikkje har koronavirus står det at resultatet er negativt/ikkje påvist.

Om testen viser at du har koronavirus (positivt prøvesvar)

Om testen viser at du har koronavirus, skal du i isolasjon og kommunen vil ringje deg for å gjere det vi kallar for «smitteoppsporing».

Smittesporing er viktig for å kunne stanse smitten, og alle du bur med og alle som du har vore nært saman med må difor i karantene.

Kommunen har teieplikt. Det er viktig at de forstår kvarandre, så spør om du lurar på noko. Du kan be om tolk om det er vanskeleg å forstå språket. Tolk er gratis.

Om testen viser at du ikkje har koronavirus (negativt prøvesvar)

- **Om du tok testen fordi du hadde symptom på koronavirus** kan du gå tilbake på jobb eller skole når du er feberfri og i fin form. Lett hoste eller liknande som heng i, er ok.
- **Om du tok testen medan du er i pålagt karantene** må du fullføre karantenen, også sjølv om du føler deg frisk.
- **Om du tok testen fordi du fekk melding frå Smittestopp-appen til FHI**, kan du gå tilbake på jobb eller skole. Får du vanlege symptom på koronavirus må du teste deg på nytt.

Råd og reglar for karantene og isolasjon

- Råd og reglar for karantene og isolasjon: www.fhi.no/avstand-karantene-isolering
- Råd og reglar for karantene og isolasjon er også omsett til 42 språk: www.fhi.no/karantene-isolasjon-flere-sprak
- Etter gjeldande lovverk kan det vere straffbart å bryte reglane for isolering og karantene.

Telefonnummer til Ørsta Volda
koronatelefon: +47 70 05 89 60.